

Referat frå rådsmøte 21. april 2009.

Tilstades: Regionordførar Olav Urbø, Torstein Tveito, Anne-Nora Oma Dahle, Solveig S. Abrahamsen, Olav Tho, Arne Vinje, Bjørn Nome, Ketil Kiland, Hans Bakke, Kristian Torp-Hansen, Hans Kristian Lehmann, Sverre Sæter og Kjell Gunnar Heggenes.

I tillegg møtte Rolf-Helge Grønås frå Telemark fylkeskommune og Haldor Kaasin frå Vest-Telemark Næringsutvikling.

Sverre Sæter, ny rådmann i Nissedal kommune, vart ynskt velkomen til sitt fyrste møte i Vest-Telemarkrådet

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

Sak 33/2009 Referat frå rådmøte 17. mars 2009.

Vedtak: Referat frå rådsmøte 17. mars 2009 vert godkjent utan merknader.

Sak 34/2009 Forslag til årsmelding og årsrekneskap 2008 for Vest-Telemarkrådet. Fastsetjing av stad for møtet i Tinget, drøfting av tema.

Vest-Telemarkrådet drøfta det framlagte forslaget til årsmelding og rekneskap. Sluttrapport for Landbruksplanen vil ligge føre i nær framtid og denne vil bli lagt fram på komande rådsmøte. Rådet drøfta også stad for komande Vest-Telemarkting samt aktuelle tema for møtet i Tinget.

Vedtak: Forslag til årsmelding og årsrekneskap 2008 for Vest-Telemarkrådet vert samrøystes godkjent. Møtet i Vest-Telemarktinget 16. juni vert lagt til lokala til Dyrsku'n i Seljord. Som fagleg tema vil ein ta for seg ei komande stortingsmelding om distrikt, busetting og folketalsutvikling. Ein ynskjer å invitere representantar frå politisk leiing i departementet til møtet i Tinget.

Sak 35/2009 "Med argusøyne på WTO". Midlar til vidareføring av prosjektet.

Vest-Telemarkrådet sa i 2008 ja til å delta i prosjektet "Med argusøyne på WTO" og kostnadene vart dekkja over Rådets budsjett.

Arne Vinje, som er Vest-Telemarkrådets representant i ei nedsett prosjektgruppe, kunne opplyse at det ikkje var halde møte i gruppa dette året.

Til rådsmøtet 21. april 2009 låg det føre invitasjon frå Fjellregionen til å vidareføre prosjektet. Samla budsjett for 2009 er sett til kr. 132.500 og det er invitert i alt 11 samarbeidspartar.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet seier ja til vidareføring av prosjektet og løyver kr. 20 000,- til føremålet. Rådet legg til grunn at det vert gjeve god informasjon til samarbeidspartane, og at det vert arbeidd systematisk i prosjektgruppa.

Ein vil invitere prosjektleiar Helge Christie til eit komande møte i Rådet eller Tinget.

Sak 36/2009 Skulestruktur i kommunane, pedagogiske, samfunnsmessige og økonomiske sider – mogleg område for forskning.

På bakgrunn av ein førespurnad om å bidra i debatt om skulestruktur i Nissedal kommune, låg det føre brev frå Telemarksforsking adressert til Vest-Telemarkrådet.

Forskarane viser i brevet til at det i dag ikkje ligg føre nokon generell oversikt over forskning på skulestruktur og kva grendeskulane betyr for distrikta. Telemarksforsking ynskjer å gjennomføre ei slik undersøking for å samanfatta og presentere det som er gjort innan dette området både nasjonalt og internasjonalt. Samla kostnader for arbeidet er kalkulert til kr. 200 000,-.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet ser eit slikt arbeid som interessant og føreset at det ligg til grunn ei kvalitetssikring av dei ulike undersøkingane. Mogleg søknad om økonomisk bidrag frå vår region må rettast til Fellesfondet.

Sak 37/2009 Drøftingssaker.

Mogleg samarbeid om logoped-teneste.

Saken kom opp på bakgrunn av eit spørsmål om samarbeid om logoped-tenestene i regionen. Vest-Telemark PPT har i dag eit felles logoped-tilbod innarbeidd i sitt opplegg, og i tillegg finst det ulike løysingar for logoped-tenester i dei enkelte kommunane.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet viser til dei ulike logoped-tenestene som finst i regionen og vil kome attende til saken ved eit seinare høve.

Samhandlingsreformen innan helsetenesten.

Med utgangspunkt i drøftingane i sak 27/2009 på rådsmøtet 17. mars foreslo Solveig S.

Abrahamsen at det vert sett ned ei arbeidsgruppe med tanke på å fylgje med i reformprosessen, kartlegge kva fagkompetanse ein har i regionen og sikre oppdatering i høve til politisk handsaming. Ei stortingsmelding om saken vil ligge føre i juni 2009.

Vedtak: Rådmannsutvalet får i oppdrag å legge fram forslag til arbeidsgruppe og forslag til mandat for denne.

Regionrådskonferansen, regionråda si rolle i forvaltningssystemet.

Regionordførar orienterte frå arbeidet i arbeidsgruppa herunder frå eit møte 23. mars der det var tilstades representantar frå regionråda i Sogn, Bergen og Salten.

Rådet drøfta mogleg mandat for eit felles sekretariat.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Aktuelle tema til møtet med fylkesmannen 19. mai.

Førebels tema er:

- Forvaltningsreformen
- Fylkeskommunen og Fylkesmannen. Tilhøvet mellom dei 2 forvaltningsnivåa.
- Ny lov om biomangfald

Sak 38/2009 Orienteringssaker.

Telemark Utviklingsforum.

Telemark fylkeskommune har sett i gang eit arbeid med å utforme ein ny regional planstrategi. Som ein del av prosessen har ein etablert Telemark Utviklingsforum med representantar frå fylkeskommunen, dei 4 kommuneregionane samt deltakarar frå sentrale organisasjonar i Telemark.

Regionordførar orienterte frå eit møte i Telemark Utviklingsforum 3. april 2009.

I samband med planarbeidet vil fylkeskommunen i nær framtid sende ut eit dokument på høyring i kommunane og regionråda. Planstrategien vil bli delt inn i fylgjande 4 tema:

- Kompetanse
- Samferdsel
- Miljø/klima
- Livskvalitet og attraksjonskraft

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Bompengesaken.

Fylkesrådmannen og regionrådsleiar orienterte om status i saken.

Fylkesutvalet har gått inn for å opprette eit bompengeselskap med namnet

” E134 og Rv36 Telemark AS”. Eigarar vil vera Telemark fylkeskommune og aktuelle kommunar. Selskapets aksjekapital er kr. 400 000,- som er ei auke i høve til det opprinnelege forslaget. Kommunane står fritt til å auke sin andel tilsvarande. Selskapet skal administrerast gjennom ei avtale med Vegfinans AS som administrerer fleire bompengoordningar på austlandet. Bomselskapet skal ha eit styre på 3 personar der styreleiar veljast frå Telemark fylkeskommune medan dei 2 andre i styret vert valde frå eigarkommunane elles.

Saken skal opp til endeleg handsaming i Fylkestinget 28. – 29. april.

Vedtak: Vest- Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Som Vest-Telemarkrådets kandidat til styret i bomselskapet vel ein Solveig S. Abrahamsen med Olav Urbø som vararepresentant.

Kollektivtrafikk.

Telemark fylkeskommune skal i komande møte i fylkestinget handsame sak om innkjøpsordning for kollektivtrafikk gjeldande frå 2010.

Av forslaget til vedtak går det fram at fylkeskommunen ynskjer å endre avtalene med kollektivselskapa frå netto-avtaler til brutto-avtaler. Brutto-avtaler inneber at inntektsansvaret vert overført frå selskapa til Vest-Viken Kollektivtrafikk AS. Forslaget til ordning vil i denne omgang gjelde Grenland, men opnar på sikt for å ta inn heile eller delar av Vestmar.

Vest-Telemarkrådet har i brev av 12. mars åtvare mot å gje slike fullmakter til Vestviken Kollektivtrafikk AS, og bede om at fylkeskommunen fortsatt skal ha styringa med kollektivtrafikken og ta kommunane med som viktige samarbeidspartnarar.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Vest-Telemarkrådet som § 27 – selskap.

Regionrådsleiar viste til skriv frå Telemark kommunerevisjon IKS der revisor Valeria Sunde stiller spørsmål ved korleis Vest-Telemarkrådet er formelt organisert. Bakgrunnen for spørsmålet er at det ikkje er gjort endringar i einingsregistret i Brønnøysund etter danning av Rådet i 1996, og at Vest-Telemarkrådet fortsatt står oppført som ”annan juridisk person” under Vest-Telemark Næringsbygg.

Vedtak: Regionrådsleiar får i oppdrag å gjera naudsynte tiltak i høve til å organisere Vest-Telemarkrådet etter kommunelovens § 27.

Sak 39/2009 Ungt Entreprenørskap Telemark. Orientering v/Didrik Bakken Riiser og Stanley Jacobsen.

I denne saken var Didrik Bakken Riiser frå Telemark fylkeskommune og Stanley Jacobsen frå *Ungt Entreprenørskap Telemark* tilstades og orienterte om entreprenørskapsarbeidet i fylket. Organisasjonen er peika ut som fylkeskommunen operatør innafor satsinga på entreprenørskap i utdanninga og det er løyvd midlar for 3-årsperioden 2009 – 2011. Kommunane og kommuneregionane er invitert til å delta i satsinga.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Referent: Kjell Gunnar Heggenes